



KYRKJELEG FELLESTRÅD

KYRKJEVERJA I KVAM

Til medlemene i
Kyrkjeleg fellestråd i Kvam

Postadresse:
Norheimsund kyrkje,
Postboks 39, 5601 NORHEIMSUND

E-mail: kyrkjeverje@kvam.kyrkjer.net
Telefon: 56 55 17 45 Mob. 41 40 00 35
Bankgiro: 3530.20.70472 - Org.nr.: 976995082

Dykkar ref:

Vår ref:
osl/09-18

Dato:
26.september 2018

Innkalling til møte i Fellestrådet

Stad: Strandebarm kyrkjelydshus, møterommet
Tid: Onsdag 3. oktober 2018 kl 15.15

Sakliste:

- 28/18 Godkjenning av innkalling, sakliste og møtereferat
- 29/18 Meldingar
- 30/18 Kyrkjetenar Ålvik
- 31/18 Diakonmidlar til Kvam
- 32/18 Utsett permisjon, kyrkjeverje
- 33/18 Budsjettframlegg 2019
- 34/18 2. tertialrapport 2018
- 35/18 Avgiftsframlegg 2019
- 36/18 Prisar på gravstell 2019
- 37/18 Gravferdsordning Strandebarm
- 38/18 Ny energiløysing for Norheimsund kyrkje
- 39/18 Tilsetjingsutval, kateket
- 40/18 Tilsetjingsutval, diakon
- 41/18 Kyrkjetenar, Norheimsund/Vikøy

Synfaring på små og store prosjekt ved Strandebarm kyrkje etter møtet!

Varamedlemene møter dersom den faste representanten melder forfall.
Mogeleg forfall skal meldast til sekretæren i god tid før møtet.

VEL MØTT !

For Fellestrådet:

Hans Atle Soldal, leiar

Olav Skeie Lid, sekretær

Sak 28/18 Godkjenning av innkalling, sakliste og møtereferat

Framlegg til vedtak: Sakliste, innkalling til dagens møte, samt møtebok for fellesrådsmøte 22. august 2018 vert godkjende. Til å skriva under møteboka for førre fellesrådsmøte vert valde:

Sak 29/18 Meldingar

Framlegg til vedtak: Kyrkjeleg fellesråd i Kvam tek framlagde meldingar til vitande.

- Bårehuset i Øystese er ferdig og offisielt opna. Kyrkja sine folk, Kvam herad og arktitekt var samla til høgtideleg overrekking, med både kake, blommar og gjensidige gode ord. Etterpå var det ope for bygdefolket – og dei kom.
- Kateketstillinga vår er utlyst for 3. gong. Me har ute våre agn på mange frontar og plattformer, og har også utfordra lærarar i skulen vår direkte. Utlysingsfrist er 5. oktober.
- Ny språktreningskandidat frå NAV kjem til oss i haust. Erfaringane med desse prosjekta er gode, her er det vinn/vinn: kandidaten får språktrening og praktisk arbeidserfaring, og fellesrådet får arbeidskraft. Heine er som alltid den som er dagleg mentor i dette arbeidet.
- Mange større vedlikehaldsarbeid er på gang samstundes:
 - Ny energikjelde til Norheimsund kyrkje.
 - Måling av våpenhus, Strandebarm
 - Måling av mønekjølar, Strandebarm
 - Felling av store tre, Strandebarm
 - Montering av nye kjøleaggregat i bårehusa i Vikøy og Strandebarm
 - Nye lampar til flaumljoset, Strandebarm
- Stormen for nokre dagar sidan knekte to store tre på kyrkjegardane i Vikøy og Øystese. Det kunne og burde gått gale med fleire av gravsteinane – men her må høgare makter (☺) ha vore inne: trea la seg fint i mellom alle gravsteinar utan å røra dei.
- Det vart ingen streik i kyrkja vår, og alle tilsette har no fått regulert sine løner i tråd med sentrale føringar. Det er ikkje lokale forhandlingar i år.
- Jubileet i Øystese er i gang! Messe frå 1868 var ein kjempesuksess, og freistar til gjentaking ved eit seinare høve.
- Siste: Kyrkjetenar Vidar Eik har sagt opp sin stilling frå og med dags dato. Han vil arbeida i oppseiingstida fram til 31. 12. 2018.
- Heilt siste: Det ser ut til at me får ny dirigent for barnekora i Øystese! Eirin Beate Åserud-Løvlie frå Bergen har vore på tur inn hit og hatt møte med organist, styre og underteikna, og ser ut til å ynskja å teikna kontrakt med oss. Mannskoret Laudamus vert kanskje ein del av pakken. Oppstart 1. jan, og førebels snakkar me om eit halvårig engasjement fram til sommaren 2019.

Sak 30/18 Kyrkjetenarstilling Ålvik

Framlegg til vedtak: Kyrkjetenarstillinga i Ålvik vert oppretthalden som eiga stilling, storleik 30%. Kvam kyrkjelege fellesråd tilset Eva Oppen midlertidig i denne stillinga i eit år, frå og med 01.01.2019, fram til 31.12.2019

Liv Hildegunn Lygre går av som kyrkjetenar 1. januar 2019. I samband med dette, har det vore drøfta internt i stab om korvidt denne stillinga kunne vore innbakt i eksisterande kyrkjetenar-stillingar. Mi tilråding etter desse drøftingane er at kyrkjetenarstillinga i Ålvik held fram som eiga stilling. Stillingsstorleiken på 30% tykkjest høveleg i forhold til arbeidsmengd.

Eva Oppen har teke kontakt og ynskjer overta denne stillinga midlertidig. Det synest vera ei god løysing.

Sak 31/18 Diakon - midlar til Kvam

Framlegg til vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd ynskjer å takka ja til lønnsmidlar for 25% diakon over 3 år frå bispedømet, og forpliktar seg til å skaffa tilsvarende finansiering sjølve. Dette kan skje via kommunalt tilskot, omfordeling eller vakansar ved stillingsressursar i stab, eller ved gjevarteneste. Kyrkjevevja arbeider vidare med dette, og legg fram sak om finansiering til eit seinare møte.

Stilling som 50% diakon i Kvam frå 1. januar 2019 til 31. des 2021 vert utlyst med det første.

Som fellesrådet allereie veit: Kvam kyrkjelege fellesråd har fått tilbod om å ta imot lønsmidlar til diakon i ein 3-årsperiode. Bakgrunnen er at diakonen i Odda har sagt opp, og bispedømet sin del av hennar lønsmidlar vert ståande unytta til dess nye Ullensvang kommune er eit faktum 1. jan 2020.

Dette kom brått på oss, men ikkje desto mindre: Desse lønsmidlane kan me laga eit 3-årig prosjekt av. Vilkår er at fellesrådet i Kvam kan garantera for at me stiller med like mykje i eigenfinansiering, som det bispedømet bidreg med. Kyrkjevevja tenkjer at dette kan me ikkje lata gå frå oss, sjølv om det betyr at me må snu oss fort rundt. Me treng både kontor plass og instruks for vedkomande, men det ordnar seg nok. Økonomisk har me fleire kjelder å ausa av: omdisponering av eige stillingsressursar, vakansar, kommunalt bidrag og gjevarteneste. Det vil og vera stor sjanse for at ei slik stilling kan vidarefinansierast frå bispedømet si side, når ledige diakonmidlar skal fordelast ved seinare høve. Dette skal me greia!

Sak 32/18 Utsett permisjon for kyrkjevevje

Framlegg til vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd godkjenner at permisjonsperioden for kyrkjevevje Olav Skeie Lid vert utsett til tidsrommet 1. august 2019 til 31. juli 2020.

Den nytilsette kyrkjevevje-vikaren, Bjørn D. Nygård, har teke imot stillinga. Me ynskjer han varmt velkomen, og lukke til! I samtalar mellom han og dagens kyrkjevevje kom det fram ynskje om ei flytting av vikariatet til skuleåret 2019/2020. Dagens kyrkjevevje hadde ingen innvendingar mot dette, og etter rådslaging med fellesrådsleiar vart dette akseptert. Det gjev på den eine sida lengre perspektiv på ein varsla permisjonsperiode, og kan såleis kanskje spreia utryggleik i stab og

sokneråd i dag? Samstundes gjev det føreseielege signal langt fram i tid, og leiarfunksjonen er slik sett godt ivareteken langt fram. Det kjennest i skrivande stund ut som ei god løysing.

Sak 33/18 Budsjettframlegg 2019

Framlegg til vedtak: Fellesrådet vedtek vedlagde budsjett som retningsgjevande inntil me kjenner det endelege budsjettet frå Kvam herad

Budsjettkommentar:

Kyrkja i Kvam har i år hatt større vedlikehaldsprogram enn det ein såg for seg då året tok til. Ein del av desse, m.a. ny energikjelde i Norheimsund, vil vera ei investering som over tid er sjølvfinansierande. Like fullt belastar ei slik investering likviditeten vår i investeringsåret betydeleg.

Like eins torer me be om at kyrkja vert gjort i stand til å ta imot ei uventa gåve: 25% stilling som diakon vert tildelt oss frå bispedømet frå og med 2019, som eit tre-årig prosjekt. (2019 – 2021) Vilkåret for tildelinga er at kyrkja i Kvam kan stilla med tilsvarande store midlar. Me opplever at tiltaka som den nye diakoniplanen vår viser, går hand i hand med Kvam herad sin trong for ressursar til integrering, førebyggjande arbeid blant unge, og å bidra til mindre einsemd. Her må kyrkje og kommune kunna finna saman med gode tiltak! Me ynskjer difor å satsa på dette, og vil lysa ut ein midlertidig stilling som diakon på 50% frå 1.1.2019.

Begge desse punkta er årsaka til at me torer be om at tilskotet frå heradet i 2019 vert heva til kr **5 600 000,-** Dette fullfinansierer på ingen måte alle prosjekta våre, men vil likevel vera eit godt grunnlag for at me skal klara omfordela midlar for øvrig, både frå eige budsjett og frå gjevarteneste, slik at me økonomisk kjem i hamn.

Driftsrekneskap

Konto Navn	ÅR 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Løn og personal			
5010 Fast løn	4 206 286,00	3 580 000	4 350 000

5020	Løn vikarer	108 587,74	80 000	110 000
5030	Etterbetaling fastlønn	13 580,00	25 000	25 000
5050	Anna lønn, honorar	4 711,00		
5090	Feriepengar	519 414,44	442 200	525 000
5091	Feriepengar over 60 år	10 983,17	15 491	15 491
5210	Fri telefon	6 225,00	8 000	8 000
5250	Forsikringar OTP	524 454,00	400 000	400 000
5251	Gruppelivsforsikring	14 988,00	17 000	17 000
5252	Ulykkesforsikring	24 061,00	27 000	27 000
5292	Motkonto ulykkesforsikring	-19 524,00	-30 000	-27 000
5295	Motkonto forsikringar OTP	-524 454,00	-400 000	-400 000
5310	Trekkpliktig bilgodtgjersle	13 082,20		
5330	Løn fellesråd/sokneråd/styrehonorar	25 748,00	22 000	22 000
5400	Arbeidsgjevaravgift	448 625,95	490 000	540 000
5401	Arbeidsgjevaravgift påløpt fp	56 221,97	50 000	60 000
5900	Gaver til ansatte			
5920	Yrkesskadeforsikring	10 188,00	10 000	10 000
5945	Arb.gjevar del pensjonstilskot	590 982,30	409 386	613 440
5946	Diff innrapportert OTP	-20 589,00		
	Sum løn og personal	6 013 571,77	5 146 077	6 195 931
Varer og tenester				
6100	Kontorrekvisita	18 750,26	35 000	35 000
6101	Litteratur, tidsskrifter, trykksaker	46 626,08	10 000	10 000
6112	Driftsrekvisita gravplassar	2 038,96		
6113	Driftsrekvisita kyrkjer	28 979,96	80 000	80 000
6114	Konfirmantarbeid	260 576,38	270 000	270 000
6122	Rekvisita gravplassar	115 553,48		
6123	Rekvisita kyrkjer	130 004,80	140 000	140 000
6125	Velferdstiltak, sos.kostnader	16 230,00	10 000	10 000
6130	Porto og bankgebyr	48 933,50	70 000	70 000
6132	Telefon, datakommunikasjon	50 209,28	50 000	50 000
6140	Annonser, kunngjering, info	24 865,00	25 000	25 000
6141	Trykking kyrkjebladet	104 116,00	70 000	100 000
6142	Blomar, gåver, helsingar	18 046,60	20 000	20 000
6150	Kurs og opplæring	27 656,64	30 000	30 000
6155	Reiseutgifter, opplæring		5 000	5 000
7100	Skyssgodtgjersle km-pengar	78 836,45	55 000	55 000
7101	Passasjertillegg			
7104	Mopedgodtgjørle		1 000	1 000
7105	Tilhengertillegg	1 247,00		
6166	Arbeidskle	4 036,60	6 000	6 000
7140	Reiseutgifter etter bilag	1 714,00	1 000	1 000
6174	Drivstoff bilar	13 840,82	15 000	15 000
6175	Vedlikehald biler	21 702,40	20 000	20 000
6176	Forsikring og årsavgift bil	11 550,00	10 000	10 000
6180	Straum	341 768,27	320 000	300 000
6185	Forsikring	190 121,00	180 000	200 000
6190	Husleige	6 775,00	5 000	5 000
6195	Kommunale avgifter	36 116,80	40 000	40 000
6196	Kontingentar	50 055,00	50 000	50 000
6197	Kopieringsavtaler, lisens data	76 192,95	80 000	80 000
6200	Kontorinventar, utstyr	49 688,00	50 000	50 000
6201	Edb/datautstyr	18 204,00	25 000	25 000
6202	Verktøy og reidskap	18 692,85	40 000	30 000
6210	Leige, leasing, kjøp av transportmidlar			
6220	Containerleige mm	60 058,40	60 000	60 000
6221	Leige, kjøp kontormaskiner	26 080,00	25 000	25 000
6230	Vedlikehald kyrkjebygg	167 290,53	260 000	300 000

6231	Vedlikehold gravplassar	178 698,10	100 000	100 000
6240	Serviceavtaler og reparasjonar	124 913,00	100 000	150 000
6241	Reparasjonar utstyr	7 210,40		
6250	Materialer til vedlikehold			
6259	Materialer til stell graver	46 008,00	50 000	50 000
6260	Reinhald, vaktmester			
6265	Vakthold, alarmsystemer	18 000,00	25 000	25 000
6270	Rekneskap og revisjon	113 367,20	120 000	120 000
6271	Innleigd andre tenester	269 797,20	400 000	250 000
6272	Innleigd tenester gravstell	41 828,00	60 000	60 000
6273	Innleigd tenester kyrkjetenar	31 715,00		
6780	Kjøp tenester fra utlande	5 570,00		
7790	Annan kostnad	3 230,81		
	Sum varer og tenester	2 906 894,72	2 913 000	2 873 000
Refusjonar (utgifter)				
6300	Overføring til Nav			
6330	Overføring til kommunen			
6350	Refusjon til sokneråd	75 126,00	80 000	80 000
6351	Tilskot til urnegravferd	13 400,00		
6370	Refusjon til andre		10 000	10 000
6411	Nybygg og nyanlegg (Øystese bårehus)			
6414	Inv.utstyr kyrkjer			
6416	Inv.Nhs.kyrkjepark			
6428	Mva-komp. Investering			
6429	Mva-komp. Drift	505 648,00	400 000	400 000
	Sum refusjonar og renteutgifter	594 174,00	490 000	490 000
Finanskostnader				
6500	Rentekostnader	120,47		
6510	Avdrag på lån			
6520	KLP kapitalinnskudd	25 408,00		
	Sum finanskostnader	25 528,47	0	0
	Driftsutgifter	9 540 168,96	8 549 077	9 558 931
Inntekter				
3000	Div inntekter, 25% mva	13 998,00	15 000	15 000
3010	Div inntekter, 25% mva			
3020	Andre tenester, 25% mva		20 000	20 000
3100	Salgsinnt. handelsvarer,	17 800,00		
3120	Dirigent-tenester, avg.fri	296 102,11	100 000	
3600	Betaling ved kyrkjelege tenester	6 200,00	50 000	50 000
3602	Eigenbetaling			
3603	Eigenbetaling - konfirmant	275 160,00	280 000	280 000
3610	Betaling av telefon, kopiering etc.	3 298,00	5 000	5 000
3611	Babysang	5 850,00		
3619	Annan inntekt	3 200,00		
3620	Stell av graver	224 383,20	200 000	225 000
3630	Gravfesteavgifter	737 950,00	600 000	750 000
3631	Leigeinntekter lokaler	123 033,00	130 000	130 000
3650	Inntekter Kyrkjebladet annonsar	40 500,00	50 000	50 000
	Sum inntekter	1 747 474,31	1 450 000	1 525 000
Refusjonar				
3700	Refusjon løn frå kommunen			
3702	Refusjon løn frå Kirkerådet			
5800	Refusjon av sjukepengar	689 877,00		

5801	Refusjon av sjukepengar	689 877,00	145 892	450 000
5802	Motkonto refusjon av sjukepengar	-689 877,00	-145 892	-145 892
5830	Refusjon arbeidsmarkedstiltak	425 602,00		
3728	Refusjon mva-investering			
3729	Refusjon mva-drift	505 648,00	400 000	550 000
3730	Refusjon frå kommunen			
3740	Refusjon frå andre fellesråd		10 000	10 000
3750	Refusjon frå sokneråd		80 000	80 000
3760	Refusjon andre	3 850,00	20 000	20 000
	Sum refusjonar	1 624 977,00	510 000	964 108
Tilskot og gåver frå andre				
3800	Tilskot løn frå bispekontor	1 081 768,00	1 100 000	1 400 000
3801	Tilskot frå staten			
3830	Tilskot frå kommunen	5 374 997,00	5 325 000	5 600 000
3850	Tilskot frå sokneråd			
3860	Gåver/kollektar konsertar		10 000	10 000
3870	Gåver til Vikøy kyrkje			
3871	Gåver Øystese Bårehus			
3873	Gåver til Nhs.kyrkjepark			
3874	Gåver prosjekt "Cembalo"			
3875	Gåver kyrkje-/klokke Tørvikbygd			
3876	Gåver Lydanlegg Nhs kyrkje	15 000,00		
3877	Gåve kyrkjebladet	148 500,00	150 000	150 000
3879	Gåve til salmebøker			
3880	Gåver til Gravplassar			
	Sum tilskot og gåver frå andre	6 620 265,00	6 585 000	7 060 000
Finansinntekter				
3900	Renteinntekter	38 672,00	15 000	15 000
7910	Bruk av lån			
	Sum finansinntekter	38 672,00	15 000	15 000
	Driftsinntekter	10 031 388,31	8 560 000	9 564 108
	NETTO DRIFTS- OVER/UNDERSKOT	491 219,35	10 923	5 177

Sak 34/18 2. tertialrapport 2018

Framlegg til vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd tek framlagde tertialrapport til vitande.

Konto	Navn	2.tertial 2018	2.tertial 2017	Budsjett 2018
5010	Fast løn	2 887 098,00	2 536 945,00	4 320 000,00
5020	Løn vikarer	51 826,00	63 860,00	60 000,00
5030	Etterbetaling fastlønn			20 000,00
5050	Anna lønn, honorar	5 000,00		
5090	Feriepengar	352 670,88	312 096,60	528 000,00
5091	Feriepengar over 60 år	3 687,17	6 740,37	10 721,00

5210	Fri telefon	2 850,00	4 725,00	8 000,00
5250	Forsikringer	268 000,00	292 000,00	500 000,00
5251	Gruppelivsforsikring	13 893,00		20 000,00
5252	Ulykkesforsikring	4 560,00		30 000,00
5292	Motkonto ulykkesforsikring			-30 000,00
5295	Motkonto forsikringer OTP	-268 000,00	-292 000,00	-500 000,00
5310	Trekkpliktig bilgodtgjersle	4 918,70	7 294,30	5 000,00
5330	Styrehonorar	15 864,00	18 212,00	40 000,00
5400	Arbeidsgjevaravgift	297 514,67	261 917,50	510 000,00
5401	Arbeidsgjevaravgift påløpt fp	37 773,68	33 796,65	57 104,00
5900	Gaver til ansatte	1 580,00		2 000,00
5920	Yrkesskadeforsikring	10 481,00		12 000,00
5945	Arb.gjevar del pensjonstilskot	376 715,00	347 607,00	493 272,00
	Sum løn og personal	4 066 432,10	3 593 194,42	6 086 097
6100	Kontorrekvisita	7 659,19	14 124,31	40 000,00
6101	Tidsskrifter, faglitteratur	8 811,60	31 781,68	15 000,00
6112	Driftsrekvisita gravplassar	1 505,32		
6113	Driftsrekvisita kyrkjer	23 562,44	17 381,96	60 000,00
6114	Konfirmantarbeid	254 799,73	204 179,94	300 000,00
6122	Rekvisita gravplassar	3 980,41	112 207,52	
6123	Rekvisita kyrkjer	110 058,15	73 833,49	130 000,00
6125	Velferdstiltak, sos.kostnader	8 828,01	14 630,00	10 000,00
6130	Porto og bankgebyr	31 645,80	21 654,01	90 000,00
6132	Telefon, datakommunikasjon	33 779,84	36 364,79	50 000,00
6140	Annonser, kunngjering, info	66 103,40	14 830,00	25 000,00
6141	Trykking kyrkjebladet	61 486,00	52 048,00	90 000,00
6142	Blomar, gåver, helsingar	12 161,50	10 291,60	20 000,00
6150	Kurs og opplæring	350,00	15 605,00	35 000,00
6155	Reiseutgifter, opplæring			5 000,00
7100	Skyssgodtgjersle km-pengar	28 692,30	45 073,70	60 000,00
7101	Passasjertillegg	408,00		
7104	Mopedgodtgjørsle	448,00		
7105	Tilhengertillegg		906,00	
6166	Arbeidskle	3 652,20	2 995,00	6 000,00
7140	Reiseutgifter etter bilag	2 831,00	842,00	5 000,00
6174	Drivstoff bilar	16 385,85	5 706,34	15 000,00
6175	Vedlikehald biler	16 465,60	15 847,20	25 000,00
6176	Forsikring og årsavgift bil	14 912,00	11 550,00	12 000,00
6180	Energi	208 945,60	194 744,80	350 000,00
6185	Forsikring	189 677,00	162 614,00	200 000,00
6190	Husleige	950,00	2 950,00	8 000,00
6195	Kommunale avgifter	14 893,20	23 126,20	45 000,00
6196	Kontingentar	58 206,86	50 055,00	60 000,00
6197	Kopieringsavtaler, lisens data	68 890,40	73 883,35	85 000,00
6200	Kontorinventar, utstyr	12 324,00	29 900,00	30 000,00
6201	Edb/datautstyr		17 516,00	30 000,00
6202	Verktøy og reidskap	27 099,35	9 836,05	50 000,00
6220	Leige, kjøp maskiner	24 849,90	41 542,40	80 000,00
6221	Leige, kjøp kontormaskiner	26 278,13	19 204,09	30 000,00
6230	Vedlikehald kyrkjebygg	58 283,04	127 831,53	350 000,00
6231	Vedlikehald gravplassar	17 835,26	39 856,28	80 000,00
6240	Serviceavtaler og reparasjonar	60 517,75	30 130,20	140 000,00
6241	Reparasjonar utstyr	25 816,40	5 534,40	10 000,00
6250	Materialer til vedlikehald	879,20		
6259	Materialer til stell graver	37 818,40	28 132,80	50 000,00
6265	Vakthold, alarmsystemer	19 000,00	18 000,00	25 000,00
6270	Rekneskap og revisjon	75 410,40	86 236,80	110 000,00

6271	Innleigd andre tenester	140 866,00	182 402,40	300 000,00
6272	Innleigd tjenester gravstell	10 125,00	19 800,00	70 000,00
6273	Innleigd tjenester kyrkjetenar	78 622,53	18 205,00	10 000,00
7790	Annen kostnad	4 337,79	30,15	
	Sum varer og tenester	1 870 152,55	1 883 383,99	3 106 000
6300	Overføring til Nav			
6330	Overføring til kommunen			
6350	Refusjon til sokneråd	40 048,93	42 770,00	70 000,00
6351	Tilskot til urnegravferd		13 400,00	
6370	Refusjon til andre			10 000,00
6410	Nybygg og nyanlegg (Strb. kyrkjelydshus)			
6411	Nybygg og nyanlegg (Øystese bårhus)	1 359 650,76	1 251 492,80	5 006 000,00
6414	Inv.utstyr kyrkjer			
6416	Inv.Nhs.kyrkjepark			
6428	Mva-komp. Investering	337 724,00	312 500,00	1 251 500,00
6429	Mva-komp. Drift			500 000,00
6501	Renteutgifter leverandørar	65,38		
	Sum refusjonar og renteutgifter	1 737 489,07	1 620 162,80	6 837 500
6500	Renteutgifter			
6510	Avdrag på lån			
6520	KLP kapitalinnskudd	28 493,00	25 408,00	25 000,00
	Sum finanskostnader	28 493,00	25 408,00	25 000
	Driftsutgifter	7 702 566,72	7 122 149,21	16 054 597
3000	Salgsinntekt handelsvarer, høy sats	29 475,00	5 454,00	20 000,00
3010	Salgsinntekt egentilvirk. varer, høy sats			10 000,00
3100	Salgsinntekt handelsvarer, avgiftsfri	5 200,00	10 400,00	
3120	Dirigent-tenester, avg.fri	27 640,00	103 386,38	110 000,00
3200	Salgsinntekt handelsvarer, u/avg.omr.	-1 000,00	1 000,00	
3600	Betaling ved kyrkjelege tenester		6 200,00	50 000,00
3602	Eigenbetaling			10 000,00
3603	Eigenbetaling - konfirmant	171 560,00	203 960,00	300 000,00
3610	Betaling av telefon, kopiering etc.	1 760,00	2 293,00	5 000,00
3611	Babysang	1 950,00	2 400,00	
3619	Annan inntekt	10 000,00		
3620	Stell av graver	228 608,16	218 603,20	220 000,00
3630	Gravfesteavgifter	161 136,60	189 820,00	650 000,00
3631	Leigeinntekter lokaler	69 055,00	69 223,00	130 000,00
3650	Inntekter Kyrkjebladet annonsar			50 000,00
	Sum inntekter	705 384,76	812 739,58	1 555 000
3701	Refusjon løn frå kommunen			
5800	Refusjon av sjukepengar	428 815,00	452 116,00	880 000,00
5801	Refusjon av sjukepengar	428 815,00	452 116,00	880 000,00
5802	Motkonto refusjon av sjukepengar	-428 815,00	-452 116,00	-880 000,00
5830	Refusjon arbeidsmarkedstiltak	421 034,00	261 354,00	
3728	Refusjon mva-investering	337 724,00	312 500,00	1 251 500,00
3729	Refusjon mva-drift			500 000,00
3730	Refusjon frå kommunen			
3740	Refusjon frå andre fellesråd			10 000,00

3750	Refusjon frå sokneråd			90 000,00
3760	Refusjon andre		3 850,00	10 000,00
	Sum refusjonar	1 187 573,00	1 029 820,00	2 741 500
3800	Tilskot løn frå bispekontor	536 074,00	550 884,00	1 150 000,00
3801	Tilskot frå staten			
3830	Tilskot frå kommunen	3 763 379,00	3 721 153,00	5 438 000,00
3850	Tilskot frå sokneråd			
3860	Gåver/kollektar konsertar			
3870	Gåver til Vikøy kyrkje			
3871	Gåver Øystese Bårehus	2 125 000,00	1 500 000,00	5 006 000,00
3872	Gåver til Strb.krk.lydshus			
3873	Gåver til Nhs.kyrkjepark			
3874	Gåver prosjekt "Cembalo"			
3875	Gåver kyrkje-/klokke Tørvikbygd			
3876	Gåver Lydanlegg		15 000,00	
3877	Gåve kyrkjebladet	101 900,00	114 150,00	150 000,00
3879	Gåve til salmebøker			
3880	Gåver til Gravplassar			
	Sum tilskot og gåver frå andre	6 526 353,00	5 901 187,00	11 744 000
3900	Renteinntekter			15 000
7910	Bruk av lån			
	Sum finansinntekter	0,00	0,00	15 000
	Driftsinntekter	8 419 310,76	7 743 746,58	16 055 500
	Netto drifts- over/underskot	716 744,04	621 597,37	903
6530	Kommunal dekking av underskot			
6530	Avsett disp.fond/reknesk.overskot			335 822,00
6550	Avsett Nhs.kyrkjepark			
6551	Avsett Øystese Bårehus	2 125 000,00	1 500 000,00	
6552	Avsett Strb.krk.lydshus			
6553	Avsett Vikøy kyrkje			
6554	Avsett prosjekt "Cembalo"			
6555	Avsett KRK/klokke T.bygd			
6556	Avsett Lydanlegg		15 000,00	
6557	Avsett kyrkjebladet	101 900,00	114 150,00	
6559	Avsett salmebøker			
6560	Avsett Gravplassar			114 447
6590	Avskrivningar			
	Sum avsetninger og avskrivningar	2 226 900,00	1 629 150,00	450 269
3950	Bruk av fond Nhs.kyrkjepark			
3951	Bruk av fond Øystese Bårehus	-1 355 877,00	-1 251 866,00	
3952	Bruk av fond Strb.krk.lydshus			
3953	Bruk av fond Vikøy kyrkje		-29 400,00	
3954	Bruk av fond "Cembalo"			
3955	Bruk av fond krk/klokke T.bygd			
3956	Bruk av fond asfalt/orgel Vikøy		-13 516,46	
3957	Bruk av fond Kyrkjebladet	-72 501,00	-67 574,29	
3959	Bruk av fond salmebøker		-500,00	
3990	Motpost avskrivningar			

Sum bruk fond og avskrivninger	-1 428 378,00	-1 362 856,75	0
Sum avsetningar/bruk fond	798 522,00	266 293,25	450 269
Resultat	-81 777,96	355 304,12	-449 366

Sak 35/18 Kyrkjelege avgifter 2019

Framlegg til vedtak: Kyrkjeleg fellesråd tilrår vedlagde avgifter som gjeldande for budsjettåret 2019. Tilrådinga vert å senda heradsstyret, som skal vedta desse i sitt budsjett.

2.6 Avgifter ved kyrkjene i Kvam	Pris 2018	Pris 2019
a. Festeavgift pr år	340	350
b. Festeavgift av grav ved sida(attlevande ektemake) pr år	340	350
c. Festeavgift for graver som er over 60 år	680	700
d. Utanbygds avgift(fråflytta frå Kvam for meir enn 5 år sidan)		
• Gravferd/bisetjing frå kyrkje/kapell	6 600	6 800
• Kistegravferd (utan seremoni)	4 950	5 100
• Urnedsetjing	2 200	2 250
• Bryllaup (utan tilknytning til Kvam)	3 300	3 400
e. Avgift ved bruk av kyrkja (ikkje-medlem av Dnk)	3 300	3 400

Sak 36/18 Prisar på gravstell 2019

Framlegg til vedtak: Prisane på gravstell for 2018 utført av fellesrådet, vert auka slik tabellen viser.

	2018	2019
STANDARD AVTALE	1319,- + mva	1360,- + mva

REDUSERT AVTALE	1033,- + mva	1060,- + mva
-----------------	--------------	--------------

Sak 37/18 Ny gravferdsordning i Strandebarm

Framlegg til vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd godkjenner, som offentlig gravferdsforvaltning i Kvam, at alle gravferder i Strandebarm heretter skal gjennomførast utan mekanisk senkeapparat, men ved bruk av muskelkraft og tau.

Strandebarm sokneråd har initiert dette vedtaket, gjennom å lyfta denne saka fram som soknerådssak. Dei har også gått til innkjøp av naudsynleg utstyr, både smidde kroker og handlaga tau er skaffa frå Fartøyvernsenteret.

Soknerådet er rett nok gjeve ei særstilling gjennom å kunna bestemma enkelte ting i samband med den kyrkjelege delen av gravferder, t.d. kvar jordpåkasting skal skje. Men i denne saka er det Kvam kyrkjelege fellesråd som lyt gjera dei naudsynlege vedtak.

Kyrkjeverja set pris på initiativet frå soknerådet, og har ingen vanskar med å tilrå fellesrådet dagens vedtak. Alt som kan vera med på å gjera vårt forhold til død og gravferd mindre institusjonelt og meir deltakande, er av det gode.

Kyrkjeverja tek denne saka vidare i møte med både gravferdsbyrå, kyrkjetenarar og kyrkjegardsarbeidarar, for å klarleggja nye rutinar i møte med ny ordning. Det har også vore skrive om dette i kyrkjeblad for Kvam, for å kartleggja om dette er noko me ynskjer å innføra i heile Kvam. Kanskje kan Strandebarm vera eit pilotprosjekt i så måte?

Sak 38/18 Ny energikjelde til Norheimsund kyrkje

Samrøystes vedtak pr mail: Kvam kyrkjelege fellesråd godkjenner tilbodet frå røyleggjarverksemda Nils Aksnes AS på kr 257 697,- for komplett ny energiløysing for Norheimsund kyrkje, herunder både varmpumper og ny varmtvasskjele, samt installasjon og elektroløysingar.

Denne saka har vore jamnleg på sakskartet til fellesrådet, både som meldingar og eiga sak. No har det vore ein anbudsrunde på varmpumpe luft- til – vatn, med utskifting av eksisterande kjele. Den gamle kjelen lek som ein sil, og i skrivande stund er 7 av 9 varmeelement ute av drift. Dette kan me ikkje gå vinteren i møte med.

Enrdringa av varmekjelde vil også føra til ei betydeleg innsparing på sikt, estimata viser at me kan spara 85 000 kwh i året på dette. Investeringa gjev også grunnlag for tilskot frå ENOVA.

Det kom inn to tilbod, og røyrleggjarverksemda Nils Aksnes AS leverer det klart rimelegaste alternativet:

- Nils Aksnes AS kr 257 697,-
- Brekke og Lie AS kr 410 538, -

Røyrleggjarverksemda Nils Aksnes AS er også dei me har rammeavtale med, og som me nyttar til dagleg i møte med vedlikehald og reparasjonar.

Sak 39/18 Oppretting av tilsetjingsutval for kateket

Framlegg til vedtak:

Kateket-stillinga er i skrivande stund utlyst som fast stilling frå 1. jan 2019, (for 3. gong) og i tråd med tidlegare praksis og vedtak omkring tilsetjingar i fellesrådet, bed eg om at fellesrådet oppnemner eit tilsetjingsutval for denne stillinga. Saka vert lagt fram utan tilråding, kyrkjevevja ynskjer drøfting og innspel frå fellesrådet om kandidatar til dette utvalet.

Sak 40/18 Oppretting av tilsetjingsutval for diakon

Framlegg til vedtak:

Under føresetnad av positivt vedtak i **Sak 31/18, «Tilsetjing av diakon»**, må det også setjast ned eit tilsetjingsutval for denne tilsetjinga. Kyrkjevevja ynskjer innspel frå fellesrådet også i dette.

Sak 41/18 Utlysing av stilling som kyrkjetenar, - samt tilsetjingsutval (Ekstrasak)

Framlegg til vedtak: Stillinga som kyrkjetenar ved kyrkjene i Norheimsund og Vikøy vert lyst ledig med det første. Tilsetjingsdato er 1. jan 2019. Stillingstorleik er 100%, og det er fast tilsetjing.

Kvam kyrkjelege fellesråd set ned fylgjande personar til å utgjera tilsetjingsutval for denne stillinga:

Kyrkjetenar Vidar Eik har sagt opp sin stilling som kyrkjetenar i Norheimsund/Vikøy kyrkjer. Han vil verta sakna. Han vil vera i arbeid ut oppseiingstida si, fram til 31.12.2018.

Kyrkjevevja meiner at det utan tvil er trong for ei full stilling knytt til desse kyrkjene. Norheimsund kyrkje er i særdelesheit krevjande, med sin store aktivitet både på trusopplæringsfront, gjennom å vera arbeidsstad for 10 menneske, og som utleigeobjekt.

Som i dei to føregående sakene: Kyrkjevevja ynskjer innspel på kandidatar til tilsetjingsutvalet.